Nr. 8 oktober 2008 - Årg. 23

# Bygdabladet for BOKN





Solnedgang i september s. 2



Ny rekord s. 4



Ta naturen i bruk s. 6

www.bygdabladet.no

# Bygdabladet for BOKN

**www.bygdabladet.no - post@bygdabladet.no**

Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.



**Redaktør** Jardar Havikbotn, tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08
E-post: jardar.havikbotn@bokn.kommune.no/post@bygdabladet.no

**Journalist** Reidar Alvestad, tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04
E-post: reidar.alvestad@bokn.kommune.no

**Medarbeidar** Linda Ognøy, tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82
E-post: linda.ognoy@bokn.kommune.no



**BYGDABLADNEMND**
Johannes Nilssen
Ellen Nedrebø
Lars Norekvål


**GJELDANDE ANNONSEPRISAR**

| | |
|---|---|
| Heilside | kr. 625,- |
| Halvside | kr. 375,- |
| Kvartside | kr. 188,- |
| 1/8 side | kr. 125,- |
| Privatann. | kr. 62,- |
| Fastann./fargeann. | etter avtale |



Stort forsidebilde:

Møter stolt hausten

Foto: Ina V. Tangen

## MMS

**Månadens MMS-bilde for september**
Bygdabladnemnda sine nominerte denne gong var *Hammerfest frå Tyven* (Arne Jarl Hatlem), *På Grimdalstunet* (Margunn Taraldlien) og *Solnedgang i september* (Margunn Taraldlien).

Vinnaren blei **Margunn Taraldlien**, som får eit kommunekrus. Gratulerer!
Bildet ser du på framsida og i albumet i nettutgåva.

**Temabasert**
Frå 1. november er Vekas/Månadens MMS knytta opp til eit bestemt tema. Følg med i nettutgåva!

*- redaktøren -*



# O HAR ORDFØRAREN ORDET

*Kjære sambygding*

**Kalender**
I desember-utgåva av bygdabladet utfordra eg lesarane til å bidra med bilete frå Bokn til "Boknakalenderen 2009".
Resulatet ligg ved dette bladet i form av ein ny kalender med nye og spennande motiv frå Bokn. I tillegg har me hatt eit samarbeid med forfattar Kjetil Hamre, som i desse dagar gjev ut si andre diktsamling i bokform. Han har skrive to-vers dikt til kvar måned, med utgangspunkt i dei ulike motiva. Resultatet har blitt "spretne" og artige dikt med god rytme og ein humoristisk snert.

Det er gjort nokre endringar i høve til 2009-kalenderen, og den viktigaste endringa er sjølve formatet. A3-formatet i neste års kalender gjer at bileta kjem meir til sin rett.
Det er flott at så mange fotografar har bidratt med sine beste motiv frå kommunen. Fjorårets utfordring står framleis ved lag; ta med deg fotoapparatet, gå ut i naturen og knips i veg. Er du dyktig, og litt heldig, kan du altså få biletet på trykk i Boknakalenderen 2010.




**Finanskrise**
Det er vanskeleg å ikkje ta inn over seg den globale finanskrisa som er omtala i dei fleste av landets medium, og mange boknarar lurar nok på om dette får noko betydning for drifta ved Bokn kommune. Til dette er det å seia at finansuroen i utgangspunktet ikkje får direkte konsekvensar for Bokn kommune. Dette skuldast fyrst og fremst at Bokn ikkje har bundet opp midler i aksjer og dermed ikkje står i fare for å tape finansinntekter. På kort sikt får Bokn kommune tvert i mot ein liten gevinst i form av høgare renter på innskot.

Det som kan bli eit problem for kommunane i Noreg på kort sikt, er å få innvilga lån av dei viktigaste bankkontaktane, slik som til dømes Kommunalbanken. Desse bankane hentar for tida inn kapital frå utlandet, men på grunn av kapitaltørke i utlandet får heller ikkje kommunane sine viktigaste bankkontaktar tilgang til friske pengar. Dermed blir det reduksjon i byggeaktiviteten i kommunane, og større investeringsprosjekt blir inn til vidare lagt på is. Dette førar igjen til ei auke i arbeidsløysa.

Eg håpar at situasjonen normaliserar seg i løpet av eitt års tid, men dette er det umogleg å seia noko om i dag. Eg er likevel førebudd på at kommunane sin skatteinngang neste år kan bli kraftig svekka på grunn av dagens konjunkturendring.

**Budsjett**
I slutten av oktober hadde politikarane og administrasjonen den fyrste gjennomgangen av budsjettet for neste år. Kort fortalt blir det ikkje lagt opp til store investeringar i 2009, men det blir heller ingen reduksjon i den kommunale tenesteproduksjonen.

Som tidlegare nemnd har me i Bokn ein forholdsvis høg lånegjeld per innbyggjar, og dette gjer at det endå går ei stund før me kan legga opp til større investeringar i budsjetta. Sjølv om lånegjelda er på veg ned, gjer store kapitalutgifter at Bokn i ein del år framover vil slite med høge finanskostnader.

*Ordføraren*

# Ungdom på nett!

Elisabet Taraldlien

**Ungdommen har hatt eit stort ynskje om å ha pc'ar og internett-tilgong oppe på Petra.**





Foto: René Banaszkiewicz

**Overlevering av sjekk pålydande 16.500 kr.**

Eg var slett ikkje sikker på om det var eit ynskje eg kunne realisera. Likevel sette eg i gong å undersøke moglegheitene for korleis dette kunne løysast.

Vi måtte aller først få på plass internett tilkoplinga, så eg sette Egil Ognøy på saken, og han snakka med Telenor og elektrikar. Så fekk eg Ture Kristiansen, IT-konsulent i Bokn kommune, til å hente inn tilbod på pc – pakke. Eg meinte tre pc'ar måtte vere ein god start. Dette var 31. mars 2008.

**"Snakka meg om…"**

Eg fekk pris på pc – pakke, 16.500 kr. Litt av ein pris for ein fritidsklubb med lite pengar! Men eg kunne ikkje gje opp, det måtte vel vere ein måte…
Og mulig skjebnen var inne og lurte litt, for Reidun Grønnestad, formann i Bokn Sanitetsforening, kom inn på kontoret mitt ein dag. Ho lurte på om det var noko vi trong oppe på Petra, som vi ikkje kunne få tak i utan hjelp! "Snakka meg om…" Så då fekk eg beskjed av Reidun om å skrive ein søknad til Bokn Sanitetsforening på kva det var vi trong pengar til.

Eg skreiv søknaden, og ikkje så veldig lenge etterpå, satt ho Reidun ute i foajeen på Boknatun med eit lurt flir! Då hadde det vore styremøte i Bokn Sanitetsforenig 17. september 2008, og der hadde dei bestemt seg for at fritidsklubben Petra og ungdommane i Bokn skulle få 16.500 kr. til pc–pakke! Eg måtte tørka nokre gledes- tårer. Dette var utruleg kjekt, og eg kunne nesten ikkje vente med å fortelje det til ungdommane!

**Jubel**

Eg var borte frå jobb i to veker, men då eg var vel tilbake på jobb, fant eg dato for styremøte i Petrastyret. 15. oktober fekk eg endeleg fortalt ungdommen om pengegåva, og kva vi hadde fått på Petra. TRE stk. bærbare pc'ar pluss internett-tilkopling!! Det blei stor jubel!!

Vi skulle ha neste Petrakveld 24. oktober, og vi har samstundes hatt dugnad oppe på Petra. (Vi har malt ferdig gangen til nå. Den blei kjempefin!) Alt måtte vere klart til fredag 24. oktober, så vi jobba hardt for å få alt på plass.

Kvelden kom, og det var med ganske stor stoltheit vi viste fram pc'ane våre! Ein kommentar kjem eg nok aldri til å gløyme:
**"Det e' det beste kjøpet Petra någen gong har gjort!"**



**Pc'ane vart brukte heile kvelden!**

Bokn Sanitetsforening sitt styre møtte opp kl. 20:00, og dei hadde med seg ein stor sjekk pålydande 16.500 norske kroner! Reidun fortalte litt "øvegidde" ungdommar om saniteten, og kva dei faktisk gjer utover strikking og sying!

Det var ein svært velukka kveld!

Takka vere Bokn Sanitetsforening har Petra fritidsklubb eit nytt og "in i tida"-tilbod til ungdom på Bokn.

**Tusen takk, Bokn Sanitets-forening!!**

Det tok litt tid å få på plass, men jaggu fekk vi det til!

Vil du sjå fleire bilder frå kvelden den 24. oktober, kan du gå inn på Petra sine nettsider:

**http://www.petra.no/**

Dei som vil vite meir om saniteten, kan gå inn på heimesida deira: **www.sanitetskvinnene.no**

Kan berre nemne at det til nå er over 52.000 medlemmer som driv arbeid på friviljug grunnlag!

**Norske Kvinners Sanitetsforenings motto:**
*I de små ting frihet*
*I de store ting enighet*
*I alle ting kjærlighet*

# Ny rekord!

Jardar Havikbotn

**Aldri før har det blitt samla inn så mykje pengar på Bokn i samband med TV-aksjonen.**

22 bøssebærarar stilte opp sundag 19. oktober i samband med årets tv-aksjon og sørga for at det blei sett ny rekord i innsamla beløp.

sjølv om underteikna fleire gonger, med dokumentasjon på innsette beløp, har hatt kontakt med TV-aksjonen.
Og dei har sagt at dei skal retta dette opp, og me må finna oss i at dette tar si tid.



Det blei mykje folk i banken/servicetorget utover ettermiddagen.

- Rusproblem øydelegg liva til millionar av menneske over heile verda og veldig mange nordmenn vil også kunne identifisera seg med årets tema for tv-aksjonen. I mange tilfelle blir ein allerede vanskeleg kvardag forverra ved at dei vaksne rusar seg.
Dette er ei så viktig sak at eg ikkje er overraska over at det i Bokn blei samla inn 56.514 kr. berre i bøssene, seier ordførar Kyrre Lindanger i kommunekomitèen.

I tillegg til dette kjem gåve frå kommunen, skulen, Bokn Røde Kors og Bokn Hagelag. Totalt er det kome inn 102.804 kroner frå Bokn. På toppen av dette kjem statens gåve, som blir fordelt på landets 431 kommunar, samt privatpersonar som gir pengar pr. telefon.

Målsettinga med kampanjen er å synleggjera og senka terskelen for å kunne snakka om problema rundt rusmisbruk. Tv-aksjonen har også tidlegare lukkast med dette, som til dømes psykiatri.

- Eg vil retta ein stor takk til alle gjevarar, bøssebærarar og funksjonærar som har stilt opp for ei viktig sak. Det er ikkje tvil om at det er behov for alt som kjem inn, avsluttar Lindanger.



**May Jorunn Vatnaland (th.) frå Sparebank 1 SR-Bank og Venevil Birkelund frå Bokn mållag er stornøgde med det innsamla beløpet.**

**Resultatet (før statens bidrag og ev. innringde beløp) tilsvarte heile 125 kr. pr. innbyggar**

Men TV-aksjonen klarte ikkje å få lagt ut rett beløp aksjonskvelden, og heller ikkje i etterkant (pr. 27. okt.),

**Uansett er det svært hyggeleg å konstatera at Bokn fortsatt er inne på "10 på topp-lista" blant landets gavmilde kommunar.**

**Desse laga var representerte i bøssebærarjobben:**

Det Norske Misjonsselskap, avd. Bokn

Den Indre Sjømannsmisjon, avd. Bokn

Bokn bedehus

Bokn mållag

Bokn vevstove

Bokn båtforening

Bokn Røde Kors

Bokn idrettslag

**Innrapportert resultat:**

| | |
|---|---|
| Bøsser | 56.514 |
| Skolebasar | 21.950 |
| Bokn kommune | 16.340 |
| Bokn Røde Kors | 5.000 |
| Bokn hagelag | 3.000 |
| **Sum** | **102.804** |

# Fantastisk resultat!

**Bokn skule samla inn nesten 22.000 kr. til TV-aksjonen under den tradisjonelle haustbasaren 17. oktober.**

Den nye rekorden er heile 5.277 kr. meir enn rekorden frå i fjor. Også i år var det mykje folk, foreldre og besteforeldre,



**Småskulen song "Ta ikke leken fra meg" frå "Portveien 2". Songen handlar om at barn skal få lov til å vera barn - svært aktuelt med tan av ke på årets aksjon.**

mange blide fjes og mange fine gevinstar.

- Sikkert rundt 100 gevinstar, seier rektor Ingjerd Ellingsen entusiastisk.

Og folk kjøpte enormt med lodd, i fem kvarter, av elevar på mellomtrinnet. Før det hadde småskulen sunge. Ungdomsskulen stod for matsalet. I år hadde 6., 7. og 9. kl. laga maten.

Presis kl. 11.30 var det trekning. Eit stramt og effektivt program med faste arbeidsoppgåver til elevar og lærarar, og alle får kjenna at dei gjer noko for TV-aksjonen.

**Helsing frå varaordføraren**
June Kro helste frå Bokn kommune og takka skulen for at dei sidan 2003 har hatt basar i samband med TV-aksjonen, noko som har bidratt til at Bokn kvart år ligg i landstoppen i gjevarglede.

Både varaordførar og rektor snakka om temaet for årets innsamling. Sistnemnde minna salen om at 120.000 barn i Norge lir under andre sitt rusmisbruk, elevtalet på skulen x 1.000. Tankevekkande.

**Tv. Rektor Ingjerd Ellingsen og varaordførar June Kro med ein av dei flotte gevinstane.**

**Statistikk for skulebasaren**

| | |
|---|---|
| 2003 REDD BARNA | 15.490 |
| 2004 HJERTEROM | 10.068 |
| 2005 DRØMMEFANGER | 10.497 |
| 2006 LEGER UTEN GRENSER | 15.668 |
| 2007 SAMMEN FOR BARN | 16.673 |
| 2008 BLÅ KORS | 21.950 |



# Omsetning av eigedomar i Bokn kommune

**Gnr 20, bnr 32** er solgt for kr 950.000 fra Nina Elisabeth Søndeland til Tungland Jone Holding as

(27.08.2008)

**Andel av Gnr 11, bnr 100** er overdradd fra Alf Alvestad til Marta Alvestad

(15.09.2008)

**Driftavegen 2 (Gnr 11, bnr 81)** er overdradd fra Haldis Øvrebø til Åge Berner Øvrebø, Sølvi Øvrebø Darre og Eva Thorsen

Overdragelsen omfatter også **Gnr 11, bnr 93**

(17.09.2008)

**Gnr 5, bnr 30** er overdradd for kr 500 fra Erna Aksdal til Aud Marit Vignes

(24.09.2008)

**Kjelde: Statens kartverk**

# Boknahåve - ta naturen i bruk

June Kro

**Stien til Boknahåve er no ferdig merka!**

Det første stykke til Borgenvik har vore ferdig merka ei god stund **(sjå ”Tur til Buarvatnet” under - red.anm.)**, og tilbakemeldingane me har fått viser at mange har funne vegen dit. Det viser og igjen på stien at den vert brukt, det synest me er veldig kjekt.



**Helge Kristian (tv) og Arild gjer arbeidet med eit smil.**

Siste del av stien frå Boknahåvstjørn og ut til Boknahåve vart rydda og merka av Helge Kristian, Arild og Marita laurdag 20. september, så no er heile stien merka ut til Boknahåve.

Ein kan starta ved turstien i Føresvik, eller ved kyrkja, ein kan og gjera turen kortare ved å starta turen frå Borgenvik. Stien er merka som ei rundløype, dermed kan ein sjølv velga om ein vil ta same veg attende som ein kom eller om ein vil gå ”runden”.



Skilter er på plass over vatn og stival, nokre fleire skilter vil koma, men desse er ein ikkje avhengige av for å finna fram.
Postkasse med bok for å dokumentera at ein har vore ved målet, Boknahåve, er på plass. Den er plassert på veggen til parafinhuset ved fyret (**bildet tv).**

Heile rundturen tar ca. 3-4 t., men ta den gjerne som ein heildagstur, for det er mykje flott å sjå på turen. Det er sett opp benk og bord ved Boknahåvstjørn og i Borgenvik, så det er mogleg å setja seg ned undervegs, det kan vera lurt å ha med litt niste, det gjer godt med påfyll av ny energi undervegs. Haustfargane er no på sitt vakraste, så ta turen til Boknahåve og nyt dei inntrykk du får frå turen.

Vil nytta høve til å retta ei stor takk til alle som har vore med på å gjera stien mogleg. Me har fått god hjelp av 9. klasse til å rydde stien, ein ivrig og positiv gjeng å ha med på dugnad! Ottar Håland med hjelperar har me lyst å takka for kunstverket av ei grind ute ved Borgenvik, samt flotte bord og benker og hjelp til skiltene m.m.!

**God tur ønskes frå gruppa ”Kjekt på Bokn - ta naturen i bruk**

# Tur til Buarvatnet
## (Halvardsvatnet)

*Jardar Havikbotn*

**Ein lett familietur som kan anbefalast.**

Merkinga av stien byrjar på grusvegen nordvest for stikrysset på "Føresvik Turveg", dvs. ei tydeleg pil **(bildet øverst th.)** fortel at du er på rett veg. Dei kjende og raude klattane **(det nederste bildet)** du går etter finn du først når du har kome opp på åskammen over hytta til Tor Alvestad, den brattaste stigninga på turen.

**Trygt å gå i ukjent terreng**
Du må ha godt fottøy på deg, støvlar eller fjellsko, for enkelte parti kan vera litt blaute.

Ferda er ikkje lang nordvestover før du får føling av å vera ein heilt annan stad enn på Bokn. Vegen framover verkar endelaus, for du ser berre skog og fjell, ei merkeleg kjensle. Men du kan ikkje gå feil, dei raude merkene er ganske tette samstundes som den gamle stien til Borgenvik har heldt seg imponerande godt opp i gjennom åra.

Den smale vegen buktar seg naturleg mot målet, og det er lett å rusla langs fjellformasjonar, lyng, skog og seinare ein gammal kjerreveg ned mot det idylliske Sandvatnet. Eit nytt lé, laga av Ottar Håland, fører deg inn til Buarvatnet, som ligg eit lite steinkast unna.

Naturopplevingane står i kø på ei ferd som tar omlag 40 minutt ved start i byggefeltet i Føresvik. På tilbaketuren får du den kjende kjensla av at det går raskare. I dette tilfellet pga. utsikten du får over høgdedraget før nedstigninga mot grusvegen. Og sjølvsagt av farten du får på ferda nedover mot den tidlegare omtalte stikrysset.

**Fyll opp tursekken med godsaker og kom deg ut i naturen!**







**Buarvatnet - Halvardsvatnet**

Iflg. Statens kartverk blir det operert med to databasar med ulike namn på Buarvatnet, som er det primære namnet i økonomisk kartverk - og som skal brukast.
Kvifor Halvardsvatnet er eit undernamn, når det blei dette og korleis
Det heile skal skiltast vil Bygdabladet komma tilbake til.

# Fotballavslutning 2008

Tekst: Chr. Bottolf Knutsen - foto: Jardar Havikbotn

**Fotballavslutningen for sesongen 2008 gikk av stabelen i gymsalen Torsdag 16. Oktober.**

I år har vi vært fem lag fordelt på 50 spillere i alderen 8-12 år, gutter og jenter. I sesongen har lagene spilt mange kamper både borte og hjemme. Noen har også stilt på cup'er, noe som er ganske populært blant spillerne. Det har vært gjort en glimrende innsats fra både spillere, trenere og oppmenn under hele sesongen .

Så ble det hele avsluttet på tradisjonelt vis...med bingo, noe som kan være en tålmodighetsprøve for enkelte!!, men det ble delt ut mange fine gevinster.

**Nyttige ting**

Flere gaver ble også delt ut på slutten av arrangementet , sitteunderlag, refleksbånd, lommelykter, førstehjelpsvesker og reflekser. Dette ble sponset av Statoilhydro, Naturkraft og Sparebank 1 SR-Bank. Vi takker sponsorene for gavene vi fikk.



**Pokaler og blomster**

Under fotballavslutningen fikk alle spillere utdelt sine fortjente pokaler som utmerkelse for sesongen 2008. Trenere og oppmenn fikk også en liten oppmerksomhet under arrangementet. Jobben de gjør kan ikke betales i kroner og øre, vi må bare bukke og neie for den jobben de gjør i fritiden sin for at alle spillerne våre skal få det tilbudet de vil ha.

Det ble tatt lagbilder og gruppebilder, noe som er like utfordrende for fotografen hvert år. Interesserte kjøpere kan ta kontakt med kulturkontoret, 52 75 25 08.

Det ble delt ut gratis pølser, is og brus. De voksne fikk kaker og kaffi (kakene hadde de bidratt med selv).

Planene for neste sesong er ikke spikret, men vil komme opp på de neste styremøtene, og årsmøtet i januar neste år. Det eneste jeg kan si, er at vi ønsker å bruke mer midler på cup'er og arrangementer som kan være med å bidra til at vi får flere spillere til å starte opp hos oss, samt øker trivselen i gruppen, som er den største i Bokn Idrettslag.

Jeg vil takke alle spillere, trenere, oppmenn og andre frivillige som har gjort en flott innsats i fotballsesongen 2008.
Jeg vil også takke alle i styret , som har gjort en strålende innsats med alt de bidrar med, for at alt skal lykkes.

Chr.Bottolf Knutsen - leder BIL





# Det skjer i Føresvik

Leikeplassen i Føresvik-nord har fått på plass reilestativ m/"kråkereir", sjørøvarskute og klatrestativ m/rutsjebane.

Etter påfyll av meir støtsand rundt apparata er leikeplassen på god veg til å bli svært så innbydande.

**Sjå også s. 10 og 14.**

*Statsbudsjettet 2009*

# Veksttilskot til Bokn

Jardar Havikbotn

**Kommunane og fylkeskommunane får 8,4 milliardar meir å rutta med i 2009.**

Tysdag 08.10.08 la finansminister Kristin Halvorsen fram statsbudsjettet for neste år. I den samanhengen blei det klart at Bokn er den einaste kommunen på Haugalandet som kjem under kategorien "vekstkommune".

- Dette betyr at Bokn får eit ekstratilskot på 213.000 kr., som kjem på toppen av dei 3,1 millionane me får ekstra frå regjeringa neste år.
Grunnen til dette er at Bokn er eìn av åtte kommunar i Rogaland som har hatt ein folketalsvekst over gjennomsnittet. Det viktigaste for oss var likevel at me fekk behalda regionaltilskotet, seier ordførar Kyrre Lindanger til Bygdabladet.

På landsbasis fekk kommunane ein gjennomsnittleg auke i dei frie inntektene på 6,8 %. Bokn låg noko høgare enn landsgjennomsnittet med ein auke på 8,2 %.

- Det er positivt at det i statsbudsjettet blir lagt opp til ein auke i frie midlar. Dei frie inntektene kan kommunen nytta fritt, t.d. å betala ned på lånegjelda vår. Totalt sett er eg godt nøgd med budsjettframlegget, avsluttar Lindanger.



**Rådmann Jan Erik Nygaard, tv. og ordførar Kyrre Lindanger er godt nøgde med framlegget til statsbudsjettet for 2009.**



# Nok ein fin bamsedag





Jardar Havikbotn

**33 barnehagebarn og ein del vaksne feira 28. okt. bamsen sin fødselsdag på tradisjonelt vis, for tiande gong.**



Alle ingrediensane var på plass; forventningsfulle barn, kosedyr, ballongar, lesestund, bursdagssong (Bamsens fødselsdag) boller, saft, bamsebesøk og bamsemums.

Det var ingen grunn til å forandra oppskrifta på "Teddybjørnens dag" på Bokn bibliotek under 10 års jubileet. Biblioteksjef Linda Ognøy fortel at Bokn har vore med og feira alle bamsedagane opp gjennom åra.

I år var det Wenche L. Havikbotn som hadde lesestunda og las boka "Lisen får ikke sove". Og sjølvsagt blei det bamsebesøk, frå Servicetorget denne gong (Gro Sørensen). Kjempestas!





# Ut på tur - aldri sur

Reidar Alvestad

**Fire friske pensjonistpar frå Bokn var i september på tytebærtur til Vrådal for 7. gong. Det kan ikkje vera så mykje under 1.000 liter bær dei har plukka og rensa gjennom desse åra.**



**Frå venstre: Leif Vatnaland (75), Jakob Vågshaug (78) og Sigvart Are (76) ved hytta etter ein vellykka tur med fulle bærbøtter.**

**Kombinerer med Seljord-marknaden**
Dei fire ektepara er Jakob og Oddveig Vågshaug, Sigvart og Kari Are, Ottar og Ingrid Håland og Leif og Liv Vatnaland.
I Vrådal hyttegrend leiger dei hytte som dei bur i 4—5 dagar.

I år hadde dei ei stor hytte som berre var eit par år gamal.
Dei reiser opp i midten av september, og kombinerer tytebærplukkinga med å gå på Seljordmarknaden som berre er ein halvtimes kjøring derifrå.

Så brukar dei eit par dagar kor dei går på tytebærtur, og renser bæra på hytta.

**Helsebringande**
I området er det fin natur som ein kan gå turar i.
Ein slik hausttur gir med andre ord rom for både det sosiale fellesskapet, trim og naturopplevingar.

Og ikkje å forgløyma at tytebær er noko av det sunnaste du kan eta. Dei er fulle av antioksidantar, nesten som blåbær og mange andre typar bær. Tytebæret er nemleg i fylgje *Wikipedia* ein gamal legeplante som m.a. inneheheld organiske syrer, vitamin C, vitamin A, B-vitaminer (B1, B2, B3), og kalium, kalsium, magnesium og fosfor.

**100 liter**
I år var dei på tytebærtur både i eit fjellterreng, og på ei øy i Nisservatn. På folkemunne vart denne øya kalla "Madagaskar", og her var det flust med tytebær. Dei lånte ein båt av hytteutleigaren, og det var berre rundt 10 minutt å ro til "Madagaskar".

Ein annan dag var dei i eit fjellterreng og plukka, berre 10 minutts kjøring frå hytta. Mannfolka drog på bærtur, medan kvinnfolka hjelpte til med rensinga etterpå.

Og rensemetodane var fleire. Jakob har laga eit renseapparat kor han tømer bæra ned i ei slags trakt. Deretter går dei inn i eit røyrsystem laga av takrenner. Ein støvsugar kopla til dette apparatet trekker ut lause blad og anna rusk, og etterpå er det lite rusk att. Andre brukar berre spesielle brett med sprinkler i botn kor bæra ligg nokolunde reine att når rusket fell gjennom sprinklene.



**Jakob Vågshaug hadde med seg dette spesialkonstruerte rensesystemet som er laga av ei stor brusflaske til venstre kor dei urensa bæra blir tømt forsiktig ned.**

**Støvsugaren er kopla til toppen av det andre røyret, og trekker opp rusket.**

**Dei reine bæra havnar oppi ei bøtte eller liknande der takrenna kjem ned under koplinga av takrennene.**

I år vart sluttresultatet rundt 100 liter med tytebær til saman. Ikkje dårleg av ein tilårskomen gjeng av pensjonistar. Legg ein saman alderen på alle 8, nærmar det seg 600 år.

**Tradisjon**
Jakob Vågshaug seier at det har blitt ein tradisjon med denne tytebærturen. Veret har dei vore heldige med. I år er det 7 gongen, minst. Og jammen har dei snakka om å reisa opp neste år også.



**TYTEBÆRET**

Tytebæret upp på tuva
voks utav ei liti von.
Skogen med si grøne huva
fostrar mang ein raudlett son.

Ein gong seint om hausten lagde
liten svein til bær-skogs ut:
"Raudt eg lyser," bæret sagde,
"kom åt meg, du vesle-gut.

Her ifrå du må meg taka:
Moge bær er utan ro.
Mal meg sundt at du kan smaka
svaledrykken av mitt blod!

Mognar du, so vil du beda
Just den same bøn som eg.
Mogen mann det mest må gleda
Burt for folk å gjeva seg.

**Åsmund Olavsson Vinje**

# Kjetil Hamre i ord i bilder

Jardar Havikbotn




**Den andre boka til den lokale forfattaren er nå i sal på Coop Marked Bokn og i servicetorget på Boknatun.**

Det er ekstra godt å halda i ei bok av ein lokal forfattar, der dei 48 dikta med tilhøyrande fargebilder har ei tydeleg lokal forankring.

Alle bildene i den 102 siders boka er frå Bokn, utanom eitt frå minnesmerket over Sleipnerforliset i 1999, og boka er ei lita vandring i Bokns flotte natur i tekst og bilder.
Kjetil Hamre er meir stolt over denne boka enn diktsamlinga som kom ut for to år sidan.

- Då var eg meir usikker og måtte finna meg i svelga nokre kamelar. Denne gongen har eg styrt det meste sjølv, seier ein glad poet og fotograf til Bygdabladet.

For nå blir lesarane også kjende med fotografen Kjetil Hamre. Det er ikkje så mange år sidan diktaren kjøpte seg digitalkamera og begynte å eksperimentera. Nå kombinerer han to sterke interesser, til glede for andre.

I poeten sin andre bokdraum finn du tovers-dikt. Dette er lettfattelege tekstar som støttar det visuelle - og omvendt. Kjetil håpar at dette spesielle med boka vil gjera ho lettare å selja enn ei vanleg diktsamling.

- Det er meir underhaldningsverdi i denne boka, og tekstane er ikkje så djupe, seier diktaren med eit lurt smil.

**Talent**
Tom Gaudland i Publica Bok AS kallar boka vakker, og seier at den talentfulle forfattaren skriv med følsom penn og understreker det heile med flotte naturfotografi.

Det verkar som om bokforlaget har god tru på Kjetil.



**Boka er nå i sal hjå Coop Marked Bokn. Butikksjef Tor Harald Alvestad (tv) ser fram til julemarknaden 22. november, kor det m.a. blir boksignering.**

- I første omgang trykker me opp 500 eksemplar, så får me sjå, fortel Tom Gaudland til Bygdabladet.

Kjetil er sjølvsagt spent på responsen. Den første boka er utseld, noko som er svært bra for ein debutant.

Forutan på Coop Marked Bokn og Boknatun vil boka også bli selt via bokhandlarar og nettbokhandlarar over heile landet.

**Bokslepp**
5. november var det offisielt bokslepp på biblioteket. Bygdabladet kjem tilbake til dette. Kjetil vil også vera til stades på Coop Marked Bokn sin julemarknad 22. november og signera bøker.

Folk som kjøper boka i Bokn og som ynskjer ei helsing i boka, kan legga ho att for signering, eller ta kontakt med Kjetil, 52 74 82 53 - 46 8000 96.

**Prisen er 249 kr. - støtt opp om lokal litteratur!**

Å **klatra** er det ungar elskar mest, iflg. leikeplassleverandørane, og barnehagen har i haust fått eit kjempeflott klatreanlegg.

**Det skjer i Føresvik.**

**Sjå også s. 7 og 14.**



# Parkanlegg ved Boknatun

Elisabet Taraldlien

**Nærmiljøanlegget i Føresvik får endeleg sansehagen sør for sjukeheimen.**

Det blir eit vakkert anlegg, og eit flott arbeid er gjort med steinar som er bygd opp til ein bekk.

Landskapsarkitekt K. Haavik hjå Norconsult AS har utarbeida skisse med tanke på at alle bebuarane på Boknatun skal ha eit tilbod. Planen viser m.a. ei sittegruppe i ein nedsenka del av terrenget, og ein open bekk med to bruer over som er knytta til eit gangvegssystem med minimale stigningar.

Planting av tre og prydbuskar vil også gjere sitt til at området vil bli ein svært fin plass å rekreera på.

Eg gler meg til å sjå det ferdige resultatet!






Øvste del av bekken.



Nydeleg steinarbeid utført av Arne Sakkarias Tveit.

# Kulturkalenderen

**November**
07. Basar for ABR-senteret på bedehuset 19.00
08. Haustfest på skulen, arr. BIL - sjå s.
09. Bokn sundagsskule 10.30
10. Bibellesing på bedehuset 19.30
12. Kart/kompass/samband, arr. Bokn Røde Kors
13. Sokneràdsmøte kl. 19.30 på bedehuset
14. Kino i Auditoriet
14.-16. Speidartur
15. Seminar på skulen, Bokn brass/Rustne horn
16. Gudsteneste kl. 15.00
18. Formannskapsmøte
19. Sjømannskyrkjekveld på bedehuset 19.00
22. Bokn Danseklubb på 6. runde i Vestlandserien i Ber gen
23. Bokn sundagsskule 10.30
23. Bingo kl. 16.00 - arr. Bokn musikkorps
23. Møte, NMS, bedehuset 19.30
24. Bibellesing på bedehuset 19.30
**26. Eventyrstund på biblioteket kl. 17.00**
26. Førstehjelpsøving, arr. Bokn Røde Kors
27. Bokn pensjonistforening, Allrommet kl. 17.30
27. Juledekorasjonar, skulekjøkkenet kl. 19.00 - arr. Bokn hagelag
28. Kino i Auditoriet
29. Bokn Danseklubb, Juleavslutning på skulen kl. 13.00
30. Julegrantenning, skulen kl. 16.00, arr. Bokn RK
30. Gudsteneste kl. 19.00 - Lysmesse

**Desember**
07. Bokn sundagsskule 10.30
07. Familiespeiding i gymsalen kl. 15.00
07. Normisjon, møte på bedehuset 19.30
08. Bibellesing på bedehuset 19.30
09. Grautfest, speidarar kl. 18.00 i gymsalen
09. Kommunestyremøte
10. Kos og pynting på huset, arr. Bokn Røde Kors
11. Sokneràdsmøte kl. 19.30 på bedehuset
12. Kino i Auditoriet
13. Juletresal og grautfest, arr. Bokn Røde Kors
13. Julemiddag for ungdom
14. Gudsteneste kl. 11.00
14. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
20. Juletresal, arr. Bokn Røde Kors
21. Juletrefest på bedehuset 15.00 Arr. Ekornspeidarar, Småspeidarar og sundagsskulen
24. Gudsteneste kl. 14.00
26. Gudsteneste kl. 11.00
28. Juletrefest (familiefest) på bedehuset 17.00 Arr. Frelsesarmeen og bedehusstyret
31. Gudsteneste kl. 16.00

## "Frisørgården" på flyttefot

Jardar Havikbotn

**Anita Bokneberg flyttar frisørsalongen sin ned til Boknatun.**

Kommunehuset får eigen frisør og lokalet blir svært sentralt. Anita seier til Bygdabladet at ho nå håpar og reknar med fleire nye kunder.

Ho har ope onsdagar, torsdagar og fredagar. I Oddetalsvekene vil opningstidene vera fleksible.
Anita fortel at dei som ynskjer frisørtime også kan ringa utanom opningstidene, 99 32 55 34 - 52 74 85 34

5. november var det opning i det gamle fysioterapirommet i 2. etasje, rett over Allrommet.

Anita ynskjer faste og nye kunder velkomne til frisørrommet sitt.

- Eg vil komma med info om diverse ting etterkvart, avsluttar frisøren på Boknatun.



**Anita i døropninga til det nye lokalet.**

G R A T U L E R E R



**Kjære Marianne!!**

Gratulerer så mye med dagen den 4. november!

**Stooor klem fra klubb-venninnene dine!**

(Gleder oss til maten!!!)

**Kjære Ronny!**
**37 år!!**

Gratulerer så mye med dagen 1. november!

**Hilsen kånå!**
**Irmelin og Sunniva hilser også!**

Kjempeglad i deg!



# Gratulerer!



Gratulerermed dagen, superhelten vår!

Vår spreke kollega, **Ragna Alvestad,** blir 60 år 10. november. Håpar du får ein flotte dag.

**Hilsen kollegaene i barnehagen**



Me vil gratulera villmarkens store sønn, **Helge Krrristian GH Nilssen** med 50 års dagen 26. okt.

**Hilsen Turgjengen**



**Åse Helen Alvestad**, 40 år 25. okt.

Mamma Mia!
Visse te atte
du fylle 40 år i dag
så gratulere me deg
med dagen, Honey, Honey!
**Klem fra "ABBA"**

The winner takes it all



Vi vil gratulere **Sonja** med 40 års dagen 18. oktober!

Gratulerer samtidig din bedre halvdel, **Brent** med 50 års dag! (Hadde dessverre ikke bilde av ham.)

**Masse hilsener fra Elisabet, Ronny, Irmelin og Sunniva**



Me vil gratulera **Ida** så mye med 9 års dagen som va 7. oktober.

**Klem fra mor, far og Simen, bestemor og bestefar.**



**Fire generasjoner**
Vil overraske oldemor med et bilde fra dåpen min 5. oktober.

**Mamma Lene, mormor Vigdis og oldemor Magrethe.**

**Hilsen Ida Regine**

## Bygdabladet for 20 år sidan

### Frå nr. 8 1988

BOKNASUND BRU PÅ ANBUD I OKTOBER

Boknasund Bru skal utlysast på anbud i oktober. I same månad skal anleggsarbeidet i Kystriksvegen starta i Alvestad-området. Ein skal då ta til med å "høvla" av vegtraseen, for så å eventuelt sprenga seg ned i grunnen.

Vegen skal i ein del av dette området gå ca. 4 meter under overflata, m.a. skal han gå ca. 4 meter under eksisterande fylkesveg i Alvestadkroken.
Massen som blir tatt ut av vegtraseen skal fyllast ut ved Boknasundet, og brukast i fundamentet for landkaret til brua. Dette fundamentet skal vera ferdig til 1. februar 1989.

Fundamentet blir 16 meter høgt.
Det er anleggsleiar Høyland som opplyser dette til Bokn Bygdablad. han seier også at all anleggstrafikk skal gå i den nye vegtraseen, slik at ein slepp å belasta dei eksisterande vegane i Bokn med dette.

Lørdag 27. sept. ble vår lille søster født.

Lille **Line** var 3696 gram og 51 cm lang.

Klem til våres pappa og mamma.

**Hilsen Sofie og Stian**



Me vil gratulera **Harald Trosnavåg** med 14 års dagen som var 12. oktober og **onkel Harry** med dagen den 13. oktober.

**Hilsen oss i Alvestadkroken 20**



Gratulere med den flotte gutten **Noah**.

**Klem fra mormor, besten og tante Natalie**



**Einar Alvestad er død, 88 år gamal.**

Einar blei fødd og voks opp på garden Alvestad som femtemann av ni sysken, saman med foreldra Gunnhild og Helge Alvestad.

Allerede i ungdommen fekk han eit hovudansvar for gardsdrifta, då faren hadde mange andre oppgåver i bygda. Utanom garden var Einar ofte med på vintersildfisket.

Inne på Sand fekk han utdanning i møbelsnekring. Ein del vanleg snekring har det blitt på han gjennom åra, og på heimgarden har han restaurert og bygd på husa. Men det var i første rekke gardsarbeid han heldt på med.

